

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2019-0377	<b>Søknadsår</b>	2019	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	LivOGLyst Vestland			
<b>Prosjektnavn</b>	LivOGLyst Øystese			

### Kort beskrivelse

Tre-årig hovudprosjekt LivOGLyst Øystese

### Prosjektbeskrivelse

Søknad om tre-årig samarbeidsprosjekt LivOGLyst i Øystese. Øystese Grendautval og Øystese Næringslag ynskjer å halda fram med samarbeidet om å skapa engasjement om LivOGLyst- prosjektet i bygda. Me er i ferd med å fullføra eit forprosjekt, og meinar det er grunnlag for å halda fram samarbeidet mellom laga i 3 nye år.

Me har hatt eit vellukka forprosjekt der me har gjort LivOGLyst kjend i bygda, informert, mobilisert for idèdugnadar og fått inn mange forslag til kva folk ynskjer å få til i bygda vår. Dette har munna ut i 3 konkrete grupper som vil arbeida vidare med ulike tema.

ØN vert formelt registrert med prosjektkoordinator. Prosjektet vert registrert på ØN sitt org.nr 971 485 892. Rekneskap vert ført av ØN sitt rekneskapsbyrå. Prosjektkoordinatoren har administrativt ansvar for begge søkerlaga.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Øystese Næringslag Org.nr:971485892	Sjuseteveien 27 5610 ØYSTESE	90152038
<b>Kontakt- person</b>	Marit Buttingsrud	Sjusetevegen 27 5610 ØYSTESE	90152038
<b>Prosjekt- leder</b>	Marit Buttingsrud	Sjusetevegen 27 5610 ØYSTESE	90152038

### Mottatt offentlig støtte tidligere:

Ja  
Forprosjekt LivOGLyst

### Spesifikasjon

#### Bakgrunn

INNBYGGJARTAL

2054 innbyggjarar, normal demografi (minst befolkning i 18-30 år)

#### NÆRING

Øystese var tidlegare kjent for tradisjonelt landbruk og for stor møbelproduksjon. I seinare åra har skule og kultur vorte eit kjennemerke på bygda. I vår tid har mange og ulike butikkar etablert seg-hovudsakleg i 2 store kjøpesenter. Bygda har 2 bilverkstader, fleire entreprenørar, betongproduksjon, bunadssyning og foredling av frukt. Mange arbeider i skuleverket- både kommunalt og fylkeskommunalt, i barnehagar, kommunal og privat helsetenesete og anna tenesteyting. Fleire innbuarar pendlar eller arbeider off.shore.

Næringsutviklinga er generelt svak ,bortsett frå det store potensialet som no veks fram i Hardangerbadet med Helsetenester og nytt Hardangerfjord Hotel. Hardangerbadet vil også hysa det spennande helseprosjektet: Helse i Hardanger. Dette vil gjera godt for auken i lokale arbeidsplassar – all den tid Tine Meierier la ned osteprduksjonen i fjor- med tap av ca 20 arbeidsplassar.

Mange butikkar har sterk konkurranse frå netthandel i tillegg til handelslekkasje. Det gjer det vanskeleg å få sunn og god økonomi i drifta. Dei set si lit til at Hardangerbadet vil gjera det meir attraktivt å bu i Øystese, og at dette næringsbygget vil framskaffa at fleire tilreisande og turistar kjem til bygda.

#### SKULE OG BARNEHAGE

Midt i sentrum ligg Øystese Skule og Kvam Ungdomsskule. Kvam Vidaregåande skule( avd Øystese) ligg også i Øystese ,men er i skulebruksplanen til fylket planlagt flytta til Norheimsund i 2027.

Ny barnehage i sentrum og Naturbarnehage

#### FRIVILLIGHEIT

Det er god dugnadsånd mellom folk i bygda, og dei fleste aktivitetar er på frivillig basis av bygdefolk i organisasjonar og lag. Nemnast kan:

\*Dugnadsgjengen Pensjonistlag og Grendautval. Nevenyttige, dyktige og motiverte karar som stiller opp til dugnad frå fjord til fjell

\*Øystese Cup Øystese Fotball. Stort årleg arrangement i Øystese

\*Rossvoll Volleyball Kvam Vidaregåande skule. Fungerer på høgt prestasjonsnivå

\*Sanitetten Øystese sanitetslag.

\*Øystese Kvinne og Familielag Vevstove

\*Seniordansen i Holmatun Kvam Seniorsdans. Lystig og glad dans ein gong i veka

\*Musikalsk Føremiddagstreff Kyrkja. Bebruarar på institusjonar vert inviterte saman med eldre som bur heime. Fellessong, tema og sosialt samvære

\*Pensjonisturar og Fellesmiddag på kafe Krus Øystese Pensjonistlag. Varierte turar i nærmiljøa

\*\*Sjusete Skisenter Kvam Langrenn og Skiskyting

Øystese Grendautval Utval der alle bygdefolk er medlemer. Mange god tiltak for bygda som del av Kvam Kommune.

\*Siderfestivalen Øystese Næringslag. Populær festival med frukt/ sider i fokus

\*Musikklag Vaksen-og Skulemusikk korps

\*Røde Kors I tillegg til redningsteneste har dei stort engagement mellom framanspråklege i bygda.

\*Bygdagnist Holmatun med fleire.....

## MØTEPUNKT OG KULTUR

Øystese er ei kulturdygd. Her ligg fylket sin Tusenårsstad KABUSO i samarbeid med Ingebrigt Vik sitt kjende museum. Skyspace er ein lysinstallasjon etter inspirasjon av James Turrell

Nemnast må også den vakre Strandparken der skulpturar av bilethoggar Øysten J. Laupsa er estetiske innramma av vekstrar og grøntareal. Nær ligg også ei flott sandstrand, Øysteseparken. Alt dette er naturlege samlingspunkt med benker, bord og paviliong .Det er laga ei Kulturløype i bygda med sommarope kyrkje, Kabuso og Øysteseparken.

Den årlege Siderfestivalen er eit varemerke for bygda. Tidlegare var også musikkfestivalen Bygdalarm fast arrangemnet i juli månad med stor tilstrøyming av folk frå heile landet. Den er no ( midlertidig) flytta til Norheimsund. Nemnast må også Kulturhuset Holmatun. Der er stor kreativitet og aktivitet, og artistar innan mange sjangrar får der høve til å utøva sitt fag og yrke. Holmatun er eit poulaert møtepunt for folk i alle aldrar.

## UTVIKLING

Det er stor byggeaktivitet i Øystese- fleire store sentrumsnære bustadblokker har vorte bygde og er under fullføring. Saman med oppbygginga av Hardangerbadet, Helse i Hardanger og Hotellet har dette skapt stor optimisme i bygda. Kvam Herad grunnla eit stort utviklingsprosjekt i bygda for nokre år attende ved namn MOGELGHEITS- STUDIET. Der ligg ein del framtidsretta føringar for korleis sentrum skal formast i framtida. Spesielt er det vektlagt at Øysteseelva har stort utviklingspotensiale som ei levande elv gjennom sentrum med elvebreidder som bør vurderast som rekreasjons/opplevingsområde med benker, lunner og rasteplasser. Elva er verna, og trivselstiltak der må utarbeidast i samsvar med verneplanen kombinert med signaler i Mogelgheitsstudiet. Likeins er det i studiet skissert tilkome til elva ( universalt utforma), strandpromenade til båthamna med små uformelle rasteplassar i løypa.

Kvam Herad har nyleg vedteke Kommuneplan- Areal fram til 2030. Når den formelt er godkjent, vil Planavdelingen leggja ut Sentrumsplanen for Øystese til uttale. Der ligg truleg eit stort engasjement for innspel mellom bygdefolket.

Stronde- friluftsområde- har også potensiale for tiltak innan auka trivsel- spesielt retta mot ungdom. ØGU / Dugnadsgjengen har rydda området for tettvaksen vegetasjon, og no er det plan for nytt stupebrett ( på dei gamle tuftene) og elles tilrettelegging for tilkome og opphold på friluftsområdet

Prosjektet LivOG Lyst skal iverksetja aktivitet og engasjemetnet kring dei mogelegheitene som finst. Målet er at bygda skal framstå som attraktiv for fastbuande og tilreisande.

## LIVOGLYST FORPROSJEKT

I forprosjektet brukte prosjektgruppa ein del tid i startfasen til å finna arbeidsform og finne ut korleis med skulle løysa oppgåvene. Me er etter kvart blitt ei målretta og effektiv gruppe som trivst godt saman.

Prosjektgruppa er sett saman slik: Kirstin Lunestad Vik (Grendalaget), Reidun Braut Kjosås (Kvam herad), Eirik Kvarv (Øystese Idrettslag), Kari Mostad (Grannehjelpa/Frivillighetssentralen), Ingmar Ølmheim (Dugnadsgjengen) og Marit Buttinsrud (Næringslaget). Marit har vore prosjektkoordinator.

Gruppa har vore opptatt av å gjera LivOGLyst kjend i bygda. Difor har me etablert facebook-gruppe, eige fane på nettsida til [www.oystese.no](http://www.oystese.no), me har flotte infotavler på begge kjøpesentrane og har god dialog med lokalavisa. Når me inviterte til bygdamøte fekk alle husstandar info i postkassa. For å skape engasjement over kva me ynskjer å få til i bygda har me og vore på skulane og spurt elevar i 5. 6, 7, 8 og 9. trinn kva dei ønskjer i bygda og kva dei kan bidra med. Vidare har me hatt stand, laga spørjeskjema (tilgjengeleg på nettsida og facebook) og forslagskasse på infotavlene. Alle forslag er samla på EXCL-ark.

I etterkant av bygdamøte ble kimen til 3 arbeidsgrupper danna. Tema for gruppene er forslag til tiltak som har gått igjen i mange tilbakemeldingar frå både store og små.

Det er både nyskjerrigkeit og forventning i befolkninga til vidare arbeid med LivogLyst. Me har gått breddt ut, og trur ein stor andel av befolkninga kjenner til prosjektet. Ulempen er at fallhøgda kan verta stor. Me har prøvd å få fram at dette er eit prosjekt som er avhengig av at den enkelte må bidra. Det er ikkje slik at prosjektgruppa skal gjennomføra alle dei gode forslaga som er komme.

På bakgrunn av dette startar me opp med 3 grupper. Det er potensialet for at det kan bli både store og små prosjekt internt i desse gruppene. Men det kjem an på viljen, innsatsen, tid m.ed meir. Prosjektgruppa prøver å tenka enkelt og starta i det små.

### **Prosjektmål**

1. Skape betre trivsel for ALLE innbyggjarar og tilreisande gjennom sosiale møtepunkt i eit reint, ryddig og estetisk utforma sentrum
2. Styrka sentrum som ein stad å vera/levanda sentrum/aktivitetar/levande lokale (unngå dødt sentrum og tomme lokale)
3. At Øystese skal vere eit attraktivt stad å oppsøkja/stoppa opp for turistar og vegfarande

### **Forankring**

I forprosjektet har me vore breddt ute med å informera og invitera. Det er heilt naturleg at berre ein liten del av befolkninga tek initiativ til å komme med forslag og har ynskje om bidra i ei gruppe i planleggingsfasen. Me trur at me vil få med fleire i dei ulike fasane av prosjektet framover. Me har som tidlegare nemnt ei god dugnadsånd i bygda, med Dugnadsgjengen i spissen. Me har etablert gode plattformer for å spreie informasjon, med tavler og digitalt. No skal me arbeida aktiv for å ta desse meir aktivt i bruk!

Parkgruppa har ein tett dialog med heradet om korleis me skal gå fram for å møblera den kommunale parken framføre Hardangerbadet. Det er eit stort prosjekt som krev samarbeid mellom mange aktørar. Dei har også tatt kontakt med lag og foreninger.

Miljø-gruppa er i dialog og samarbeide med mellom anna næringslivet i bygda, for å avklara kven som er ansvarleg for å halda ulike sentrumsareal i orden.

Eit døme på samarbeid: Den omtalte kommunale parken framføre Hardangerbadet er i sluttfasen for ferdigstilling. Representantar i LivOGLyst-gruppa såg at det var element som ikkje var bra når det gjaldt utsjånad og bølgdedemping inn mot sandstranda. Me påpeika dette til kommunen i eit brev. Me vart hørt. Og det enda til slutt i eit spleiselag der lokal entreprenør GBS og M3 deltok, parkutbyggjar lèt Dugnadsgjengen sleppa til på anleggsområdet. Jobben blei gjort. Resultatet vart ein stad som me trur det vil vera flott å vera for dei som er i parken. Ein vinn-vinn situasjon for alle parter. Sjå vedlagt artikkel frå lokalavisa.

### **Prosjektorganisering**

Øystese Næringslag og Grendautvalet i Øystese står saman om denne søknaden. Næringslaget står som prosjekteigar fordi dei er registrert som arbeidsgivar og har eit økonomisk system som gjer det enkelt å ha det juridiske og økonomiske ansvaret.

Det er laga ei forpliktande avtale mellom desse to organisasjonane. Avtalen er gjort meir detaljert etter erfaringar frå arbeidet med forprosjektet. Rollefordeling og informasjon til prosjekteigarane er tydeleggjort i den nye avtalen.

Me har ei prosjektgruppe som før beskreve. 3 arbeidsgrupper er danna. Nye grupperingar vil nok kome undervegs.

Me legg opp til minimum årleg formell kommunikasjon mellom dei ulike ledda. Sjå framdriftsplan.

### **Samarbeidspartnere**

Kommunen, næringslivet, Dugnadsgjengen samt lag/foreiningar er viktige samarbeidsaktørar i arbeidet med Liv og Lyst. Me ønskjer å utvida prosjektgruppa med ungdomsrepresentantar. Fram til nå har banr og unge bidreg gjennom spørjeundersøkingar og møter på barneskulen og ungdomsskulen i bygda. Innspel frå barn og unge har vore mange og dei er særskilt viktige for oss.

Vidare ynskjer me og å bli inspirert av andre LivOGLyst-prosjekt. Me håpar derfor å få til ein studietur i løpet av våren 2020. Me ønskjer både og behalda og auka talet på samarbeidspartnarar etter kvart som prosjektet utviklar seg.

### **Aktiviteter**

Prosjektgruppa vil parallelt arbeide med mobilisering og informasjon til bygdafolk. Tiltak i denne samanheng er:

- Årleg LivOGLyst møtepunkt, med mål om ytterlegare mobilisering og rekruttering av bidragytarar
- Lage system for å nytta infoplattformene våre jamnleg (ta i bruk facebook, nettsidene, tavlene osv)
- Jamnleg oppfølging av gruppene (målsettingar, framdriftsplan, mv).
- Kompetanseheving (studietur m.m.)

Det er på bakgrunn av forprosjektet etablert 3 arbeidsgrupper. Det er opp til gruppene sjølve å definera oppgåvene, kva dei vil arbeide med og løysingane. Me i prosjektgruppa vil støtte arbeidsgruppene underveis. Det er ein representant frå prosjektgruppa med i kvar arbeidsgruppe. Gruppene er i ferd med å bli etablert og dei er i startfasen.

- Park-gruppa. Dei skal arbeida med å møblera den nye kommunale parken framføre Hardangerbadet. Arbeidet vil bli utført i samarbeid med heradet. Gruppa arbeider no med å samle inn og systematisere forslag til kva bygdafolk ynskjer skal vera i parken. Dette arbeidet vil verta overlevert heradet. Deretter må det lagast ein heilskapleg plan for møblering av parken. LivOGLyst vil vera aktive i prosessen med å gjennomføra møbleringa. Dette er eit arbeid som sannsynlegvis kjem til å gå over fleire år, då me må utføra jobben på dognad og skaffa pengar underveis.
- Tur-gruppa. Det er eit uttalt sakn at det ikkje er merka turar frå sentrum i Øystese. Dette kom fram under mobiliseringa. Detter er eit behov som både tilreisande og fastbuande vil kunne ha glede og nytte av.
- Miljø-gruppa. Det var interessant å sjå at både unge og eldre er opptatt både av søppel og et velstelt sentrum. Dette har me fått inn mange tilbakemeldingar på. Fleire av dei unge svarte at dei kunne bidra i LivoGLyst med å plukke søppel ?? Denne gruppa skal arbeide med å finne ut korleis me skal løyse oppgåva med å oppnå eit ryddigare og meir stelt sentrum.

### **Målgrupper**

Prosjektgruppa må halde fram med å identifisera og oppsøke ulike grupperingar. Ved å gjera LivOGLyst - prosjektet mest mogleg kjend i lokalmiljøet håpar me at folk som har lyst å delta i prosjektet oppsøkjer oss på eige initiativ.

Me har prioritert 3 arbeidsområde som me meiner kjem heile lokalsamfunnet til gode.

### **Resultat**

Som eit resultat av Liv og Lyst prosjektet i Øystese har me følgjande mål:

- Parken framføre Hardangerbadet skal bli ein god møteplass for alle aldersgrupper.
- I Øystese skal me ha sentrumsnære turvegar som og er gjort kjent i kartutsnitt som er tilgjengelege for dei som ønskjer.
- Øystese skal ha eit ryddig og triveleg sentrum

### **Effekter**

Effektar av Liv og Lyst prosjektet er at parken framføre Hardangerbadet får ei fin møblering, det vert sentrumnære turvegar og sentrum vert triveleg for innbyggjarar og tilreisane.

I tillegg ønskjer me at arbeidet med LivogLyst skal skapa tilhørighet og trivsel for bygdafolk. Det at mange er samen om å få til noko for bygda. Dette kan/skal skape opplevingar, vennskap og ei kjensle av at «eg betyr noko» eg bidreg. Det er bruk for meg.

Som med alt frivillig arbeid «du gjer av tida di og kunnskapen din men du får også mykje igjen».

### **Tids- og kostnadsplan**

## Tidsplan

Vi har lagt ved en framdriftsplan. Her er satt opp faste møtepunkt. I dissa møta vil me ha fokus på evaluering, framdrift, avdekke utfordringer. Og lage årleg plan for arbeid, både for prosjekteigar, prosjektgruppa og arbeidsgruppene.

I livOGLyst vert vegen til mens me går, så då er det ikkje hensiktsmessig å konkretisere for mykje.

## Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
01. Mobiliseringstiltak	40 000	40 000	10 000			90 000
02. Prosjektleiing	25 000	25 000	25 000			75 000
03. Kompetanse og nettverk	30 000	20 000	20 000			70 000
04. Tiltak/ prosjekt	35 000	45 000	75 000			155 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>			<b>390 000</b>

## Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
01. LivOGLyst						0
02. Kommunen	30 000	30 000	30 000			90 000
LivOGLyst Vestland	100 000	100 000	100 000			300 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>			<b>390 000</b>

## Geografi

1238-Kvam

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Artikkel i HF dugnad ved pir.jpg	2 726 040	25.10.2019
Avtale ØN og ØGU LivOGLyst 20-22.pdf	105 014	25.10.2019
Framdriftsplan.pdf	101 232	25.10.2019